

Nytt fra



Nr 2/2010

4. årgang

Nytt fra Smøla historielag

er meint som litt orientering til medlemmene våre om laget, lokalhistorisk tenking og oppmuntring til å formidle viten om utviklinga i nærsamfunnet. Vi ber også at medlemmene deltar i denne informasjonen.

Adresse: post@smola.historielag.org

Ved tipping er organisasjonsnr : 993 883 581.

Kontingenten er 150 kr pr år og betales til konto 3936.20.42805. Hugs å føre på namn og kva beløpet gjeld. Det vil lette arbeidet for kasseraren.

Haustmøte

Per Eilert Orten er sokneprest i Aure, men han har også skrive almennhistorie for Aure. I det arbeidet har han også funne mykje om Smøla. Vi har invitert han til å bli med oss på eit ope møte 10. november 2010. Der vil han ta for seg Smøla fra avisene i 1920-åra. Dette er ein del av vår nære historie, og det kan vera spennande å få eit innblikk i den.

Per Eilert Orten vil kåsere på haustmøtet vårt 10. november 2010 kl. 19.00 i Rosvoll prestegard. Alle interesserte er velkommen til dette møtet.

Bli aktiv

skreiv vi i siste utgave og vi gjentar det. Kva med å lage ei årstalsliste? Idéen hentar vi fra *Nytt om gammalt* som er medlemsbladet til Fosen historielag. Vi har så lett for å glømme. Tenk å hatt ei kronologisk liste over hendingar i lokalsamfunnet. Når var det??? Når reiv vi låven, når snøa vegane igjen, kva år og kven var den første kvinnen kom inn i kommunestyret, når blei skulen tatt i bruk, når var Alf Henry Kjellevold sokneprest i Edøy, når blei Iver Nordseth valt til ordførar i Smøla første gongen? Kanskje det kan vera lurt med 2 lister, ei personleg og ei som kan vera til nytte i meir offentleg bruk. Går vi saman, veit vi mykje. Eksempel på ei slik liste finn du her: <http://www.stadsbygdhageogkultur.no/historien/>

Kulturarven

bidreg til å forstå identiteten til det samfunnet vi lever i og kunnskap om fortida kan knapt bli overvurdert. Notid og framtid er tufta på fortida. Det er derfor eit mål at den skal vera open og tilgjengeleg. Det vil i praksis seie at den må på nett. Så kan ein også spørre: kor lenge er det som ligg på nett tilgjengeleg.

Men er du på leit, så er det mange linkar å søke. Her er noen:

www.fylkesfoto.no

<http://smola.bildearkiv.info/index.html>

<http://kulturminneatlas.avinet.no/>


www.disnorge.no

www.digitalarkivet.no

Historiske bilde

Ta vare på dei gamle bilda i album som ligg i dei fleste heimar. Og skriv ned namn på personar og gjer notatar til hendingane som er knytt til bilda. Ikkje berre gamle bilde, men også dei nye bilda bør bli tilført namn og notatar. Seriane i Nordvestnytt med historiske bilde og ukas kulturminne sett viktig fokus på mye.

For ei tid sia stod dette bildet av familien Samuelsen som blei evakuert fra Lakselv til Smøla i 1944 og slik var flyktning i sitt eige land.



Det var ikkje alle som kom heimatt til heimplassen og fra boka : Fortiet fortid av Arvid Petterson tar vi med litt av artikkelen:

På leiting etter bestefars grav

Johan Benjaminsen, opprinnelig fra Porsanger, men bosatt på Inderøy, gjorde i august 2006 alvor av et gammelt ønske om å lete etter sin farfars grav på Smøla. Sammen med sin kone, Liv, og et vennerpar satte de seg som mål å finne Hopen kirke nord på Smøla. Da de kom dit, viste det seg at det ikke var noen kirkegård , men gjennom kontakt med lokalbefolkning fikk de anvist vei og fant en liten velstelt kirkegård. Her lette ikke Johan lenge før han fant fram til gravsteinen til Benjamin Iversen, født i Lakselv, død 17. april 1945. Fødselsdatoen på steinen er visstnok feil og skal være 5. april 1877.

Gravstedet til Benjamin Iversen var pyntet med friske stemorsblomster. Hvem var det som stelte grava til en enslig flyktning som var død 61 år tidligere?

Smølahistorie

Vi har 11 bind med Smølahistorie, men det er for det meste slekts- og gardshistorie. Vi manglar ei samla framstilling med mange almenne tema som næringshistorie, samferdselshistorie, skolehistorie, kulturhistorie, kirkehistorie og fleire andre tema.

Jubileumsboka for Smøla kommune i år er overfladisk innom mye av dette. Den gir eit godt bilde av det mangfold av aktivitet som er og har vore i eit bygdesamfunn. Men vi saknar ei meir fullstendig historieframstilling. Kor mange i dag har vore kundar i Smølen Sparebank som starta 7. mars 1903 og gjekk inn i Nordmøre Sparebank 30. september 1973. I dag er det ein av grunnsteinane i Sparebank 1 nordvest. Kor mange kjenner i dag til Smøla Branngrygdelag som gjekk inn i Ytre Nordmøre brannkasse og som no er Gjensidige Nordmøre og Romsdal. Kva var tanken bak Smølen dampskipsselskap?

1990

var førstegongsframføringa av spelet om Fru Guri av Edøy. Da hadde vi og ei flott framføring og den gikk heile olsokhelga. Vi var nok mindre heldig med veret denne gongen, enn i år. Vi syntes nok den gongen og at det var eit flott spel som hadde dimensjon i seg. Likevel må vi vedgå at det skulle få slik dimmensjon som i dag, det drømte vi ikkje om. Og samarbeidet med Teatret Vårt starta alt ved den første oppsettinga.

Men skal vi også driste oss til å minne om at jubileumsåret for Edøy gamle kirke også hadde mykje meir å by på.

Ei ekumenisk messe med det katolske pateren Olav Müller og vår eigen sokneprest Anne Lise Ådnøy var også ei oppleving.

Det blei laga utstilling olsokhelga og deler av den kan vi enno oppleve i Smøla museum si avdeling i Rosvoll prestegard. Koparkjelen fra Norsk folkemuseum fekk seg ein smølatur og det same fekk den originale kulisteinen.

Innviing av nytt orgel til olsok var også ein del av jubileumsfeiringa. Det var dumt at vi handla for billeg her.

Brørne Ivar, Leidulf og Oddmund Grimsmo framførte ein kantate som var skiven til den gamle kirka. Vi hadde framføring av eit bestillingsverk av Henning Sommerro framført av Tingvoll kyrkjekor.

Så til sist ein temakveld om trusskiftet i Norge med tittelen : Fra haug til grav, fra hov til kirke. Der var det Kristian Pettersen fra Trondheim som representerte den

gamle trua og Torstein Jørgensen fra Misjonshøgskule i Stavanger som representerte den nye trua.

Da var vegen fram til Edøya opna 1. september året før.

Dugnadsinnsatsen var stor dette året og. Det har den vore i alle år. Ikkje minst siste året også.

Hallarøya

Laurdag 24. juli la 34 personar ut fra Jøsølen med kurs for Hallarøya. Egil og Kåre Betten stod for transporten i 2 båtar og fortalte om namn og bosetting på øyar under vegs og på Hallarøya stod Hanne og Einar Taknæs klar til å ta i mot oss. Einar fortalte om aktiviteten på fiskeværet i sin barndom/ungdom og viste oss rundt.



Einar i brygga
Kåres transport
Egils transport



Kystnorge

med sine gamle ankringsplassar ligg i forfall. Kor mange slike plassar hadde vi rundt Smøla. Er det noen som kunne registrere og kartfeste dei. Kanskje er det muleg å ei historie til plassen.

Dette er ein del av lokalhistoria vår.

Smølaminne 2010

er no i trykken og vil koma i løpet av november. Medlemmene vil få det i postkassen sin. Denne årboka blir som tidlegare utgåver, ha mye interessant stoff. Holm Grafisk i Kristiansund står for trukkinga også i år.

Alt no må vi begynne å tenke på 2011-utgaven, så dersom du har ide til stoff så er det greitt å ta kontakt med redaksjonen av årboka.

Tillitsvalgte i Smøla historielag:

Leder: Karle Gjernes

- 71541179/95826251
- epost: karlegje@online.no

Styremedlemmer:

Sekretær: Lars Roksvåg

- 71541718/91758388
- epost: lars-arnfinn.roksvaag@neasonline.no

Nestleder: Kjell Gundersen

- 95286704
- epost: kgunna-g@online.no

Tove Betten

- 71542700/93627238

Judy Rangnes

- 71541138/95701908
- epost: judyrangnes63@hotmail.com

Varamedlemmer:

Lars Rosvoll

- 71540309/92622283
- epost: lars@rosvoll.no

Elisabeth Sørli

- 71540428/99260318
- epost: bjst3@online.no

Bjørg Træthaug

- 71540231
- epost: bjor.trathaug@neasonline.no

Kasserer: Jonna Tang Kuløy

- 71543229/95144438
- epost: jonnatan@online.no

Revisor: Svein Ivar Iversen

Vararevisor: Svein Rangnes

Nettside: Magne Gjernes

- 71541150/46893130
- epost: maggjer@online.no

Redaksjon Smølaminne 2010:

Jorun Marie Jonassen

- 90194236
- epost: jorunjo@hotmail.com

Reidun Åstasund

- 71541290/90795407
- epost: reidun40@hotmail.com

Else Jorun Lillenes

- 71543142
- epost: else_lillenes@hotmail.com

Roald Danielsen

- 71542265/90584774
- epost: roadani@online.no